

14.12.2017

Av: Linda Bach

Publisert: 01.12.2017 00:00

Oppdatert: 28.11.2017 12:19

## Ergoterapeut ID 1332

**Eining for aktivitet og re/habilitering har ledig 70% fast stilling som ergoterapeut.**

**søknadsfrist: 15.12.17**

Eining for aktivitet og re/habilitering – ein aktiv og travel arbeidsplass i tett samarbeid med andre ergoterapeutar i eininga, andre fag og yrkesgrupper, og med ulike instansar utanfor eininga.

Fysio- og ergoterapiavdelinga i Stord kommune er organisert i Eining for aktivitet og re/habilitering med kontor sentralt i Leirvik. Me kan tilby varierte oppgåver i eit travelt og tverrfaglig miljø.

Avdeling for døgnehabilitering : av 16 korttidsplasser ved avdelinga er det for tida 4-5 plasser for rehabilitering. Dei andre plassane er for mottakspasientar , pasientar på anna korttidsopphald, eller avlastingsopphald.

Avdelinga er ein variert og triveleg arbeidsplass med fokus på tverrfaglegheit og godt samarbeid.

## Ergoterapeut (ID 1332)

Eining for aktivitet og re/habilitering har ledig 70 % fast stilling for ergoterapeut frå 11 desember 2017 som er delt stilling mellom avdeling for kommunale ergoterapi og rehabiliteringdøgnavdeling.

### Arbeids- og ansvarsområde:

20 % av stillinga er med arbeid på sengepost i vekedag der ergoterapeut arbeidar med rehabiliteringspasientar med fokus på ADL-trening. Ergoterapeut vil ha eit ansvar for samarbeid mellom rehabiliteringsavdelinga og avdeling for fysio- og ergoterapi.

I 50 % av stillinga er arbeidsområde i hovudsak å gi ergoterapitenester til heimebuande i Stord kommune med behov for tilrettelegging av bustad/omgjevnader, ADL- og funksjonstrening, hjelpemiddelformidling mm. Ergoterapeut er koordinator i enkeltsaker.

Personlege eigenskapar og kontinuitet i avdelinga vert vektlagt. Det vert lagt vekt på evne til samarbeid, til god kommunikasjon med brukarane, god arbeidskapasitet og arbeidsglede. Me ynskjer kollega som er løysingsorientert og som likar utfordringar. Du må kunne jobbe sjølvstendig og i team.

Sertifikat for bil er naudsynt.

Ved tilsetjing vil det bli stilt krav om at ein legg fram politiattest av ny dato.

Løns- og arbeidsvilkår vert i samsvar med kommunalt avtaleverk.

Dersom søkjar ynskjer å verta unnateke frå offentleg søkjarliste, må det grunngjevast. Opplysningar om søkjaren kan bli offentleggjort, sjølv om søkjar har bedt om ikkje å verta oppført på søkjarlista. Søkjaren vert varsla dersom ynskje om reservasjon ikkje vert teke til fylgje.

Nærare opplysningar hos avdelingsleiar for fysio- og ergoterapi Andreas Sirevaag tlf. 414 05 425, avdelingsleiar Asbjørg Hovland Verpelstad tlf: 48277542 eller hos einingsleiar Kristin Steinsland tlf 416 94 266

**Søknadsfrist: 15.12.17**

**Søk på stillinga**